

Oppvekstprofilen for Hemsedal kommune 2024

Årets tema er kvifor vennskap og fellesskap med jernaldrane er så viktig for barn og unge.

Vennskap og fellesskap med jernaldrane er viktig for barn og unge. Vennskap kan bidra til barn og unges sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling. I tillegg er vennskap ei viktig kjelde til auka livskvalitet, og er med på å forme dei unge sin identitet og tilhøyring.

Vennskap er viktig for utviklinga av:

- Sosiale ferdigheiter: Gjennom samtale og leik trenar barn og unge seg på ferdigheiter knytt til å forstå og meistre sosiale situasjonar. Slike ferdigheiter er viktige for å kunne samarbeide og etablere vennskap.
- Sosial identitet og å høyre til: Barnets følelse av kven dei er, og deira rolle i samfunnet blir påverka av korleis dei blir møtt av likesinna. Opplevinga av å høyre til og fellesskap formast i møte med andre barn og unge med felles interesser og verdier.
- Sjølvtilitt og sjølvfølelse: Aksept frå venner er med på å styrke barn og unges sjølvtilitt og følelse av eigenverd. Emosjonell støtte kan gje barn og unge styrke til å tole stress, og dermed motvirke psykiske vanskar.
- Kognitive ferdigheiter: Gjennom samvær med venner blir dei unge eksponera for ulike synspunkt, noko som kan vera med på å fremme toleranse og kritisk tenking. Felles interesser, diskusjonar og kunnskapsutveksling kan bedra språkutvikling og oppmuntre til nysgjerrigheit, innhenting av ny kunnskap og utvikling av nye ferdigheiter.
- Fysiske ferdigheiter: Leik er ein viktig arena for å tileigne seg og utvikle fysiske ferdigheiter. Samvær med venner kan være ein viktig motivasjon for å delta i organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar.

Viktige arenaer for førebygging av utenforskap er barnehage, skule, organiserte fritidsaktivitetar, og andre tilrettelagte møteplassar der barn og unge kan møtas.

Oppvekstprofilen kan nyttast i helsefremmande og førebyggjande arbeid for barn og unge, der me kan bruke tilgjengelege data til å bevisstgjere, beslutte og velgje fokusområde på alle nivå i kommunen.

Du kan opne oppvekstprofilen for Hemsedal kommune og sjå alle resultata her:


[Oppvekst og folkehelseprofil for 2024](#)

Funn i Hemsedal:


- Om lag på landsgjennomsnitt i forhold til andel barn og unge i aldersgruppa 0-17 år.
- Høg andel barn som er innvandra eller norskfødde med innvandrarforeldre.
- Andelen barn i familiar med vedvarande låginntekt, er lågare enn landssnittet.
- Låg deltaking i fritidsorganisasjonar.
- Pedagogisk bemanning i barnehagane er svært låg.
- Stor andel born med låg meistringsgrad i lesing og rekning på 5.trinn.
- Andel unge som har vore rusa på alkohol er høgare enn landssnittet.

Det er viktig å vera klar over at for Hemsedal er nokre av tala basert på same grunnlag som tidlegare, det vil sei at det ikkje er til stades nytt talmateriale. Ny Ungdata undersøking kjem i 2025.

Sjå figur 1 for andelen ungdomsskuleelevar som oppgjer at dei har ein fortruleg venn eller som opplever einsemd.



Figur 1. Ungdomsskuleelevars opplevingar med nærmiljø, fritid og vennskap. Kjelde: Ungdata.



Figur 2. Ungdomsskuleelevar som brukar meir enn 3 timer dagleg på ulike medier. Kjelde: Ungdata (2021).

Nye møteplassar på nett

Dataspel og sosiale media gjer det mogleg for barn og unge å få kontakt med jernaldrane med stor variasjon i interesser og veremåtar, utan å bli hindra av barrierar som bustad, fysisk eller psykisk funksjonsevne. Dette er ein ny og viktig arena for vennskap. Samtidig gjev sosiale medier ein økt risiko for mobbing, fordi det er enklare å vera anonym og vanskelegare å sjå konsekvensane av mobbinga når den skjer på nett. Overdriven bruk av dataspel og sosiale medier kan føre til avhengigheit. Det er viktig å bevisstgjera barn og unge om dei moglege negative sidene ved sosiale medier.

Kva med barn som ikkje har venner?

For nokon barn og unge er det å meistre sosiale ferdigheiter vanskeleg, noko som kan gjera det utfordrande for dei å danne og oppretthalde vennskap. Det å ikkje få oppleve vennskap og positivt samvær med jernaldrane kan få langvarige negative konsekvensar, og ha betydning for seinare deltaking i samfunns- og arbeidsliv. Det er derfor viktig at kommunen bidreg til å skape miljø rundt barn og ungdom som er inkluderande og der dei opplever sosial støtte.

Kva kan kommunen gjera?

- Ha ein heilhetleg og inkluderande oppvekstplan som sikrar inkludering og forebygger mobbing.
- Sikre god nok kunnskap og rutinar hos dei som jobbar med barn og ungdom, til å oppdage, støtte og veilede dei som treng hjelp til å etablere vennskap.
- Sørge for at det finnst tilgjengelege fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle barn og unge, uavhengig av foreldras personlege eller økonomiske ressursar, eller andre utfordringer.
- Legge til rette for inkluderande barne- og ungdomsmiljø ved å fremme aksept og positive haldningar til mangfald, via kunnskapsformidling og felles aktivitetar på tvers av ulike grupperingar.
- Legge til rette for foreldrenettverk, for å skape engasjerte foreldre og trygge sosiale nettverk for barn og unge.
- Lytte til barn og unge i saker som kan påverke dei, gjennom bl.a. ungdomsrådet.

Forslag om tiltak retta mot barn og unge og deira familiar: [Kunnskap om barn](#) og [Nasjonal veileder for psykisk helsearbeid for barn og unge](#).

Kjelde: Folkehelseinstituttet (2024). Oppvekstprofil 2024 HEMSEDAL.

